

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 13.12.2021

**Vår ref.:** 201705405-344

**Dykkar ref.:**

## **Tilleggssøknadar ny 420 kV leidning Blåfalli—Gismarvik. Høyring av endringssøknader**

**Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke endringssøknad for deltrasear på ny leidning 420 kV Blåfalli—Gismarvik i Kvinnherad, Etne, Vindafjord og Tysvær kommunar i Vestland og Rogaland fylke. Høyringsfrist 13. februar 2022.**

Statnett søkte den 20. april 2020 konsesjon for å byggje og drive ein ny 420 kV leidning Blåfalli—Gismarvik, og ny Gismarvik transformatorstasjon. Etter innkomne høyringsinnspel, har Statnett utgreidd traséendringar på enkelte delstrekningar. Statnett søkte den 11. oktober 2021 om følgjande endringar:

- Mindre traséendring over Strypeheiane i Etne kommune. Traséalternativ 1.0B2 erstattar trasé 1.0B mellom Undstein og Høylandshovda som prioritert alternativ. Alternativ 1.0B vert trekt.
- Mindre traséending ved Høylandshovda i Etne kommune. Nytt traséalternativ 1.0C2 som prioritert alternativ mellom Høylandshovda og Fikse.
- Nytt traséalternativ 1.52 erstattar trasé 1.5 øst for Storefjellsnibba i Vindafjord kommune som prioritert alternativ. Alternativ 1.5 vert trekt.
- Nytt traséalternativ 1.0F2 mellom Sponavik-Kvalen/Kvalen-Kringleåsen i Tysvær kommune.
- Nytt traséalternativ 1.0G2 mellom Erland og Steinåsen i Tysvær kommune, som sekundært alternativ.
- Nytt traséalternativ 1.0G3 som erstattar trasé 1.0G ved Klovning i Tysvær kommune. Tidlegare omsøkt deltrasé på same strekning ved Klovning vert trekt.
- I Gismarvik transformatorstasjon i Tysvær kommune:
  - Fire ekstra 420 kV brytarfelt i reserve.
  - Auka størrelse på lager-/garasjebygg frå om lag 150 m<sup>2</sup> til 630 m<sup>2</sup>.



- Auka størrelse på transformatorstasjonen frå 238 dekar til 247 dekar.
- Endra plassering for tidlegare omsøkt anleggsplass ved Gismarvik transformatorstasjon.
- To permanente anleggsplassar til bruk i anleggs- og driftsfasen omtalt som 73-1 ved Aurdalsvegen og 83-1 i Tørsdal i Vindafjord kommune.
- Fire nye permanente anleggsvegar til bruk i anleggs- og driftsfasen omtalt som V8-1 frå Trondheim i Kvinnherad, V14-1 ved Eikrheim i Etne kommune, V45b-1 frå Haukelivegen/Haukedalen og V53a-1 i Tørsdal, begge i Vindafjord kommune.

Statnett søker òg om nye naudsynte midlertidige anleggsplassar og anleggsvegar, samstundes som dei trekk nokre tidlegare omsøkte anleggsplassar og -vegar. Anlegga er lista i tilleggsøknaden.

I tillegg mottok NVE ei utgreiing frå Statnett for traséending ved Eikeland den 5. november 2021. Statnett søker ikkje om denne.

Grunngjevinga for søknaden som heilheit er som tidlegare at det er naudsynt å auke straumtilførselen til Haugalandet grunna generell forbruksauke og venta industriutvikling i området.

Statnett SF søker om konsesjon i medhald av energilova. Den opphavelige søknaden med konsekvensutgreiinga ligg òg på NVE sin nettstad. Konsekvensutgreiinga er utarbeida i medhald av reglane i plan- og bygningslova kap. 14 med forskrifter, og utgreiingsprogram fastsett av NVE.

Statnett SF søker òg om oreigningsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Statnett SF om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Statnett søker òg om allmannastevning etter oreigningslova § 20, grunna uvisse kring eigedomsforhold for enkelte eigedomar.

Det er tilleggsøknaden som no er på høyring og som NVE ønskjer innspel til. Tidlegare innspel til konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga vil følgje saka vidare, og det er ikkje naudsynt å sende ny uttale til dette. I samband med NVE si høyring av tilleggsøknaden ønskjer vi innspel på mellom anna følgjande:

- Kva meiner høyringsinstansane om endringane?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere moglege negative verknader av tiltaket.

Endringssøknadane og opphavelige søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på NVE sine internettsider

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=4728&type=A-1>.



De kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 201705405 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)

Fråsegner må sendast til NVE **innan 13. februar 2022**.

### **Informasjon til kommunane:**

Grunna COVID-19 pandemien tilrår vi ikkje at kommunane legg ut søknaden til offentleg ettersyn i kommunen. Men vi ber kommunane om å legge søknaden og informasjon om høyringane ut på sine internettsider og ev. facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om søknaden. NVE vil kunngjere høyringa og utlegging til offentleg ettersyn.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer  
seksjonssjef

Solveig Willgohs  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

### **Mottakarliste:**

ETNE KOMMUNE  
KVINNHERAD KOMMUNE  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I ROGALAND  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Tysvær kommune  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
VINDAFJORD KOMMUNE

### **Kopimottakarliste:**

Haugesund kommune  
Karmøy kommune  
STATNETT SF